



ARVTAKAR: Olav Klungre ønskjer at Hyen - Storebru skal overta dette skiltet, som vart laga som eit stunt for å setje lys på standarden på vegen mellom Olden og Innvik.

SVEIN HEGGHEIM (ARKIV) / STEINAR FRØHOLM

Vil ta over tittelen som «Norges verste veg» når Olden - Innvik er utbetra

Er denne vegen verst?

SAMFERDSEL: - Vegen er ein 36 kilometer lang flaskehals, seier Olav Klungre.

IDAR STADHEIM
ide.stadheim@firda.no
901 28 020

Du har kanskje sett det, turistvegsskiltet på strekninga Olden-Innvik med påskrifta «Norges verste veg».

Men er tittelen rett når vegen no snart er ferdig rusta opp? Nei, meiner Olav Klungre, styreleiar og forretningsfarar i Midtvegen 615 AS.

I eit brev adressert til Stryn kommune, argumenterer Klungre med at Hyen-Storebru er ein svært god kandidat for å ta over stafettspinnen, no når Olden-Innvik ikkje lenger passar inn i skiltplanen for denne vegpassellen.

«Vi ønsker difor å overta skil-

tet for ombygging/omskilting der teksten «Olden-Innvik» vert bytta ut med «Hyen-Storebru», heiter det i brevet.

36 kilometer flaskehals

Når Klungre får spørsmål om kva som kvalifiserer til tittelen «Norges verste veg», svarar han kjapt:

- Det er lengda på samanhengande smal veg. Vegen er ein 36 kilometer lang flaskehals. Eg trur ikkje eg tek feil når eg seier at det er fylkets lengste flaskehals på ein regional sambandsveg, seier Klungre.

Våren 2007 vart det sett opp ei arbeidsgruppe som har jobba for å ruste opp fylkesveg 615. Midtvegen 615 AS var skipa i 2013, og Klungre legg ikkje skjul på at merksemd rundt vegen er mykje av grunnen til at dei sende brevet.

- Eg er tilhengar av å syne litt humor også, ikkje herre elende,

seier Klungre.

Fylkesveg 615 er no inne på ei prioriteringsliste i Regional transportplan. Klungre trur det er mange dårlege vegar i fylket som mange vil meine fortener tittelen.

- Men vi meiner at fylkesveg 615 er i ei særstilling i kategorien lang og smal veg, seier han.

Klungre fortel at han i ettertid har fått svar frå Stryn kommune, men at dei ikkje hadde behandla den. I staden informerte ordføraren om at skiltet var produsert av Steinar Frøholm, i Fluor-lux i Stryn, og oppfordra til å ta saka vidare med vedkommande.

Det er noko Olav Klungre har tenkt å gjere.

- Men om vi får overta skiltet, det vil tida vise, seier Klungre.

- Lurt med humor

Steinar Frøholm laga i si tid det farneste skiltet for Olden - Inn-

vik. Han har pendla mellom Innvik og Stryn i over 30 år, og laga skiltet for å sette lys på den dårlege standarden på vegen, i frustrasjon då vegen nok ein gong ikkje vart prioritert.

Han ler når han får høyre om at nokon no ønsker å overta skilt-tittelen, og meiner at det må dei få lov til, ettersom at vegen han har kjøpa for, no snart er ferdig rusta opp. Som Klungre meiner han at humor er viktig.

- Eg tenker at det er for mykje syting og klaging i slike saker. Det kan vere lurt å vi det om til noko humoristisk. I all beskjeidheit trur eg det skiltet har betydd veldig mykje for Olden - Innvik, seier han.

Og om Hyen - Storebru vil ha sitt eige skilt, må dei gjerne ringe han.

- Det er ikkje noko copyright her, og det er sett opp privat. Men Vegvesenet har ikkje



HUMOR: - Tilhengar av å syne litt humor, seier Olav Klungre.

sludd det ned, heller. Dei er vel sjølv klar over standarden som har vore, seier Frøholm.